

FLAGGREGLEMENT FOR HAREID KOMMUNE

Flaggreglementet for Hareid kommune vart vedteke i Hareid kommunestyre 20. mars 2025.

Verkeområde

Reglementet gjeld for alle offentlege bygningar som Hareid kommune eig eller leiger.

Som offentlege bygningar vert rekna bygningar med tilhøyrande grunn som kommunen råder over som eigar, leigetakar eller liknande, og som hovudsakeleg vert brukt i samband med kommunen sine offentlege oppgåver (heretter kalla kommunen sine offentlege flaggstenger).

Kommunen har offentlege flaggstenger ved

- rådhuset
- skulane
- sjukeheimen
- Tusenårspllassen

Offentlege flaggdagar

På dei offisielle flaggdagane flaggar Hareid kommune med det norske flagget ved rådhuset (sjå oversikt over [offisielle flaggdagar](#)).

På samefolkets sin dag flaggar kommunen i tillegg med det samiske flagget

Flagging med statsflagget ved andre høve

I tillegg til dei offisielle flaggdagane flaggar kommunen ved

- valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet, ved rådhuset og alle oppnemnde vallokale
- dersom det er gitt nasjonale føringar eller det på grunn av særlege omstende er naturleg å flagge eller flagge på halv stang.
- høve der det av internasjonale omsyn er ønskeleg, for eksempel offisielle besøk eller solidaritetsmarkeringar.



Ordførar avgjer om det skal flaggast med statsflagget på andre dagar enn offisielle flaggdagar

På flaggstonga ved rådhuset skal det berre nyttast det norske statsflagget. Unnatak er andre lands nasjonalflagg, saman med det norske, ved internasjonale, offentlege besøk.

Det bør flaggast på halv stang ved rådhuset under gravferda til

- sittande og tidlegare ordførarar
- noverande kommunestyrerrepresentantar

eller tenestested (dersom flaggstong) under gravferda til

- tilsett med aktivt tilsettingsforhold i kommunen, elev eller brukar

I desse tilfella bør pårørande blir kontakta for å avklare om det er ønskeleg med flagging.

Institusjonar og skular kan på eige initiativ flagge med det norske statsflagget på merkedagar, til dømes skulestart og jubileum.

Flagging med andre flagg

På dei andre kommunale flaggstengene enn på rådhuset, kan det nyttast andre flagg.

Når det gjeld flaggstengene som er knytt til skule/bygg/institusjon, er det ein føresetnad at arrangementet, markeringa eller merkedagen som flagget er knytt til *blir arrangert/halde/markert på aktuell skule/bygg/institusjon*.

Når det gjeld flaggstonga på Tusenårspllassen, er det eit krav at arrangementet, markeringa eller merkedagen som flagget er knytt til *blir arrangert/halde/markert i kommunen*.

- For flaggstenger som høyrer til skular/barnehagar med meir, er det kommunalsjef for læring og kultur som har vedtaksmynde.
- For flaggstenger som høyrer til helse- og omsorgsinstitusjonar er det kommunalsjef for velferd som har vedtaksmynde.
- For flaggstonga på Tusenårspllassen - og eventuelt andre "frie" flaggstenger, er det ordførar som har vedtaksmynde.

Gjennomføring

Statsflagget:

- Rådhuset: kommunal eigedom har ansvar for heising og firin av flagg
- Sjukeheim: kommunal eigedom har ansvar for heising og firin av flagg ved offisielle flaggdagar. Institusjonen har sjølv ansvar for heising ved andre høve
- Vallokala: leiar av vallokalet heiser og firer flagg
- Skulane: Skulane heiser/firer flagg til eigne markeringar. 17. mai-komit  har ansvar for heising/firin av flagg p  17. mai.



Andre flagg

- På Tusenårspllassen er det kommunal eide dom eller andre ved delegering som heiser/firer flagg der kommunen markerer eller er med og arrangerer
- Skular og institusjonar heiser/firer flagg sjølv ved eigne markeringar/arrangement/merkedagar
- Arrangørar heiser/firer flagg under private markeringar/arrangement/merkedagar

Søknad om flagging

Private organisasjonar og lag som ønsker å nytte kommune sine flaggstenger må søke om dette. Dette gjeld både flagging med det norske flagget og andre flagg.

- For flaggstenger som høyrer til skular/barnehagar med meir, er det kommunalsjef for lærings- og kultur som har vedtaksmynde.
- For flaggstenger som høyrer til helse- og omsorgsinstitusjonar er det kommunalsjef for velferd som har vedtaksmynde.
- For flaggstonga på Tusenårspllassen - og eventuelt andre "frie" flaggstenger, er det ordførar som har vedtaksmynde.

Søknad skal fremjast i god tid og skal innehalde

- kva tidsrom flagginga gjeld
- skildring av arrangementet, merkedagen eller markeringa
- kva flagg det skal flaggast med
- kva flaggstong det vert søkt om å flagge frå

Privat flagging kan ikkje påføre kommunen kostnadar.

Bakgrunn og heimel for reglement

Reglementet er bygd på

- [flagglova](#)
- [lov om flagging på kommunale bygningar](#)
- [flaggforskrifta](#)
- [forskrift om bruk av det samiske flagget](#)
- [forskrift om framande flagg på offentleg bygning](#)